



Då eg var innom Spar på veg heim frå jobb, var Celine Musland og Emma M. Ripel godt i gang med si salgsøkt.

Det er femte året Uskedal skulemusikk sel adventskalendaren sin som er forma som eit stort lotteri med trekningar kvar dag i desember fram til og med julaften. Framleis er den veldig populær, og rapportane fortel om godt salg. I dag er det salg på Spar Uskedalen, og det vil halda fram utover i kveldinga.

Til no har dei flinke skulemusikantane vore rundt og selt på bygda som dei har delt mellom seg. Dei fortel at det har vore kjekt, for det er så mange positive kjøparar, men så det også ein flott adventskalendar som gir spenning i førjulstida. Den passar for vaksne, og den er den perfekte førjulsgåva til barn og barnebarn.

Kvar dag vert det trekt ut nye gevinstar. Det er heile 38 gevinstar og verdien går heilt opp mot 3000 kroner på fleire av dei. Her kan vi vinna alt frå EU-kontroll til spekepølse, frå bålgrill til heimestrikka Nancygensar, gåvekort i ulike variantar, eller ein kan drøyma om å vinna flott glattetang, Xtremehøgtalarar, arbeidlys, hovudlykt, tursett eller ein av dei andre flotte gevinstane som er alle er gjevne av gode støttespelarar. Spenning er ein garantert, og muligheter til gevinst er gode!

I dag er det altså salg på Spar. Det kan betalast både med kontantar og Vipps. Det er også råd å få kjøpt den kjekke adventskalendaren hos Gros Blomster og Elins Matgleder. Eller vi kan kontakta Hege Lekva, mob. 988 07 713, eller nokre andre i styret så ordnar dei det.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland